

Til NVE
uttalelse@nve.no

Vannverket på Stord



Som næraste nabo til «Vannverket» vil eg og familien gje uttrykk for stor bekymring og sorg for ei mogleg nedtapping av vatnet.

Eg har budd ved vatnet sidan byrjinga av 1960 saman med mine foreldre. Eg er vaksen opp her og nye generasjonar har kome til.

Dette er ei perle for nabolaget og etterkvart ein større del av bebruarane på Leirvik.

Vannverket har vore til glede som «arena» for lek og idrett, i seinare tid også som rekreasjonsområde med ein flott tilrettelagt tursti langs vatnet.

Den tid det var vintrar, var det mykje skeising på vatnet og mykje bading om somrane.

No er det bading mest heile året, og her er mykje folk som nyttar staden kvar dag som rekreasjon.

Som nære naboar har me kunne følgd med på aktivt fugleliv og stor aure som har vore nett som husdyr og kome inn til kanten for å bli mata til faste tider. Vatnet er også biotop for ei sjelden, freda plante som kommunen er plikta å ta vare på.

Det må finnast andre løysingar enn å tappe ned vatnet for å møtekrava frå NVE, slik at denne idyllen av ei naturperle midt i eit elles utbygd område, blir tatt vare på for nabolag og innbyggjarar på Leirvik.

Vi er også svært bekymra for dei konsekvensane ei nedtapping vil føre til for eigedommane rundt vatnet med omsyn til grunnvasstanden, stabiliteten i massane, lukt og korleis området blir sjåande ut. Vi ber NVE stille krav om at dei tiltak kommunen set i verk, tek omsyn til naturmangfoldet, teknisk tryggleik for eigedommane rundt og ikkje minst verdien av eit rekreasjonsområde tett på bustadsfelta.

Venleg helsing
Bente Rasmussen
Myraskogen 42
5417 Stord
bente.rasmussen@sklbb.no
Mob. 991 52 031